



## STORTINGET

# Innst. 406 S

(2018–2019)

Innstilling til Stortinget  
fra kommunal- og forvaltningskomiteen

Prop. 123 S (2018–2019)

---

**Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om Endringer i statsbudsjettet 2019 under Finansdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet (Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet 2019 mv.)**

---

Til Stortinget

## 1. Sammendrag

### 1.1 Innleiing

Kommunal- og moderniseringsdepartementet legg i proposisjonen fram følgjande saker under kap. 2315 Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet og kap. 502 Tariffavtalte avsetningar:

- 1.Lønsregulering frå 1. mai 2019 for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet mv.
- 2.Endringer i statsbudsjettet for 2019.

### 1.2 Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet med verknad frå 1. mai 2019 mv.

#### *Lønsforhandlingane mv. per 1. mai 2019*

Hovudtariffavtalene i staten for perioden 1. mai 2018–30. april 2020 har ei reguleringsføresegn for andre avtaleår om at dersom avtale om ny offentleg tenestepensjon blir godkjend og lagd fram for Stortinget, vil partane i lønsforhandlingane i 2019 forhandle om forbedringar av pensjonsgjevande variable tillegg som skal inngå i ny offentleg tenestepensjon. Partane vil i tillegg forhandle om naudsynte tilpassingar i hovudtariffavtalene der ny lov om offentleg tenestepensjon gjev høve til å regulere i tariffavtale.

Forhandlingane blei innleia 23. april 2019. Forhandlingane med LO Stat, Akademikerne, Unio og YS Stat heldt fram til 30. april, då desse kravde forhandlingane avslutta.

Riksmeklaren blei varsla om brotet med alle hovudsamanslutningane. Meklinga blei opna hos Riksmeklaren 2. mai. Den 16. mai kravde hovudsamanslutningane meklinga avslutta.

Meklinga heldt fram til 24. mai, der Riksmeklaren la fram forslag til endringar i hovudtariffavtalene mellom staten og LO Stat, Unio og YS Stat og endringar i hovudtariffavtala mellom staten og Akademikerne. Forslaga frå Riksmeklaren blei same dag akseptert av staten og LO Stat, Akademikerne, Unio og YS Stat.

Både avtalene med LO Stat, Unio og YS Stat og avtala med Akademikerne har ei ramme som inneber ei årslønsauke på oppgjeret med 3,2 pst. for andre avtaleår, på linje med arbeidslivet elles. Samla bruttoutgifter ved lønsreguleringa for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet per 1. mai 2019 er for tidsrommet 1. mai–31. desember 2019 rekna ut til 1 864 mill. kroner.

Den offentlege tenestepensjonen er ikkje ein del av forhandlingane mellom staten ved Kommunal- og moderniseringsdepartementet og hovudsamanslutningane, med unnatak av forhandlingar om pensjonsgrunnlag og avtalefesta pensjon. Med bakgrunn i reguleringsføresegnene for andre avtaleår var desse forholda òg tema i forhandlingane.

Alle pensjonsgjevande variable tillegg som skal inngå i oppteninga i ny offentleg tenestepensjon for personar fødte i 1963 eller seinare, skal reknast med i pensjonsgrunnlaget frå 1. januar 2020. Kostnadene er utrekna til 0,1 pst. på årsbasis og vil bli rekna inn i ramma for lønnsoppgjeret i 2020.

For personar som er fødde i 1963 eller seinare, gjeld ny avtalefesta pensjon (AFP) slik han er fastsett i punkt 3 i avtala inngått mellom Arbeids- og sosialdepartementet og hovudorganisasjonane den 3. mars 2018, med eventuelle endringar fastsette i medhald av punkt 12. Dei nemnde årskulla er omfatta av ny AFP og kan ta ut AFP frå og med 2025 når dei blir 62 år.

Personar som er fødde i 1962 eller tidlegare, får AFP etter den ordninga som er regulert i hovudtariffavtalene punkt 4.

### **1.2.1 Nærare om avtalene med LO Stat, Unio og YS Stat og avtala med Akademikerne**

ØKONOMISK PROFIL I RIKSMEKLAREN SITT FORSLAG TIL LO STAT, UNIO OG YS STAT

Med verknad frå 1. mai 2019 er det gjeve eit tillegg på 1,35 pst. på hovudlønstabellen frå og med lønstrinn 19 til og med lønstrinn 46. Frå og med lønstrinn 47 til og med lønstrinn 63 er det gjeve eit tillegg på 1,55 pst., og frå og med lønstrinn 64 til og med lønstrinn 101 er det gjeve eit tillegg på 1,35 pst. Utforminga av tillegga sikrar ein likelønsprofil.

Med verknad frå 1. juli 2019 skal det førast lokale forhandlingar innanfor ei økonomisk ramme på 1,24 pst. per dato av lønsmassen.

ØKONOMISK PROFIL I RIKSMEKLAREN SITT FORSLAG TIL AKADEMIKERNE

Med verknad frå 1. mai 2019 skal det førast lokale forhandlingar innanfor ei økonomisk ramme på 2,15 pst. per dato av lønsmassen.

ANNA

I avtala med Akademikerne foreslår Riksmekklaren at heile den disponible økonomiske ramma blir avsett til lokale forhandlingar. I avtala med LO Stat, Unio og YS Stat er det lagt til grunn at 40 pst. av den disponible økonomiske ramma blir avsett til lokale forhandlingar.

Riksmekklaren sine forslag inneber at partane på dei einskilde verksemdene får råderett over ei monaleg avsetjing til lokale forhandlingar.

### **1.2.2 Lønsregulering mv. for embetsmenn og statstilsette som ikkje blir dekte av hovudtariffavtalene**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet føreset at lønsreguleringa frå 1. mai 2019 mv. blir gjord gjeldande for alle embetsmenn og statstilsette, også dei som ikkje blir dekte av hovudtariffavtalene.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet ber om fullmakt til å gjere avtalene mellom staten og LO Stat, Unio og YS Stat gjeldande for arbeidstakarar som ikkje er medlemmer av organisasjonar med forhandlingsrett, og som difor ikkje direkte blir omfatta av dei avtalene som er inngåtte.

Embetsmenn og statstilsette i stillingar som er tekne ut av hovudtariffavtalene, får løns- og arbeidsvilkår administrativt fastsett i kontrakt.

Uorganiserte skal med bakgrunn i lønspolitikken i dei einskilde verksemdene sikrast lønsutvikling på lik linje med dei organiserte arbeidstakarane, og det er arbeidsgjevar som har ansvar for å vareta dette.

## **1.3 Endringar i statsbudsjettet for 2019**

### **Kap. 2315 Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet**

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Samla bruttoutgifter ved lønsreguleringa for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet per 1. mai 2019 er for perioden 1. mai–31. desember 2019 rekna ut til 1 864 mill. kroner.

Overslaget omfattar alle tilsette som går inn under hovudtariffavtalene i staten. Meirutgifter som følgje av auka satsar for overtid og arbeidsgjevaravgift er medrekna. Vidare er meirutgifter til pensjonspremiebetaling medrekna.

Meirutgifter i samband med lønsreguleringane for forvaltningsorgan med særskilde fullmakter og forvaltningsbedrifter blir dekte innanfor budsjetta til verksemdene.

Verksemder med arbeidstakarar som får løn administrativt fastsett i kontrakt, må sjølve dekkje meirutgifta av lønsregulering innanfor eksisterande budsjett.

Etter fråtrekk av det ovanfor nemnde er meirutgiftene rekna til 1 398 mill. kroner.

### **Kap. 502 Tariffavtalte avsettingar**

POST 71 OPPLÆRING OG UTVIKLING AV TILLITSVALDE

Departementet foreslår i proposisjonen at tilskotet blir auka med 4,4 mill. kroner.

### **Kap. 2309 Tilfeldige utgifter**

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Det er avsett midlar til dekning av meirutgiftene ved lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet mv. Løyvinga under kap. 2309 Tilfeldige utgifter vil bli redusert i samband med proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet 2019 til hausten.

## **2. Komiteens merknader**

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Masud Gharahkhani, Stein Erik Lauvås, Eirik Sivertsen og Siri Gåsemyr Staalesen, fra Høyre, Mathias Bernander, Mari Holm Lønseth, Olemic Thommessen og Ove Trellevik, fra Fremskrittspartiet, Jon Engen-Helgheim og Kari Kjønnaas Kjos, fra Senterpartiet, Heidi Greni og Willfred

Nordlund, fra Sosialistisk Venstreparti, lederen Karin Andersen, og fra Kristelig Folkeparti, Torhild Bransdal, viser til at det er fremforhandlet to tariffavtaler som medfører lønnsregulering i det statlige tariffområdet, med virkning fra 1. mai 2018.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, viser til at det ved fjorårets hovedtariffrevisjon ble videreført to ulike hovedtariffavtaler, med enda større forskjeller mellom hovedtariffavtalene inngått mellom staten på den ene siden og Akademikerne på den andre siden, og mellom staten på den ene siden og LO Stat, Unio og YS Stat på den andre siden. Flertallet viser til at det heller ikke denne gangen er gjort noen utredning av de langsiktige konsekvensene av dette. Flertallet vil som eksempel påpeke at det er uklart hvilke konsekvenser dette kan ha for streikeretten når mer og mer av lønnsdannelsen blir flyttet fra sentral- til lokalplanet.

Flertallet viser til at staten som arbeidsgiverpart er i en særstilling fordi tariffoppgjørene i staten er en del av regjeringens inntektspolitikk. Gjennom inntektspolitikken har regjeringen et overordnet nasjonalt ansvar for lønnsutviklingen og sysselsettingen.

Flertallet viser til at et bærende prinsipp i norsk lønnsdanning har vært lik lønn for likt arbeid – også innenfor det statlige tariffområdet. Dette prinsippet har Stortinget slått fast i likestillingsloven § 21. Et system med to ulike tariffavtaler svekker dette prinsippet.

Flertallet peker på at statens lønns- og forhandlingsystem har vært nøytralt og uavhengig av virksomhet og organisasjonstilknytning. Disse endringene som nå videreføres, kan vanskelig forstås på annen måte enn at regjeringen aksepterer et lønns- og forhandlingsystem som innebærer større lønnsforskjeller i staten enn det som har vært førende tidligere.

Flertallet viser til sine merknader og forslag i tilsvarende sak tidligere år, jf. Innst. 407 S (2017–2018) og Innst. 482 S (2016–2017).

På denne bakgrunn fremmer flertallet følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen ved neste revisjon av hovedtariffavtalen i 2020 gjennomføre lønnsoppgjøret i staten slik at resultatet blir fire likelydende hovedtariffavtaler – slik at det blir én hovedtariffavtale gjeldende for alle arbeidstakere i det statlige tariffområdet uavhengig av organisasjonstilknytning.»

Komiteens medlemmer fra Høyre, Fremskrittspartiet og Kristelig Folkeparti viser til at det er to hovedtariffavtaler som gjelder i staten. Det er en rettslig adgang for staten til å ha flere tariffavtaler. Dette er en naturlig følge av den enkelte

organisasjons selvstendige forhandlingsrett og partenes avtalefrihet. Disse medlemmer understreker at den enkelte ansattes organisasjonsfrihet er grunnleggende og ligger i bunn. Det at staten i dag har to hovedtariffavtaler, er således et resultat av frie forhandlinger og den aktuelle organisasjons forhandlings- og avtalefrihet. Disse medlemmer peker på at å pålegge staten å inngå likelydende hovedtariffavtaler vil være å gripe inn i den enkelte organisasjons selvstendige forhandlingsrett og partenes avtalefrihet.

Disse medlemmer viser til at den økonomiske rammen og profilen i det statlige tariffområdet forhandles mellom de sentrale partene. Dette gjøres for å sikre en ansvarlig lønnsutvikling i tråd med frontfagsmodellen. I tariffområdet forhandles det også om enkelte sosiale bestemmelser. Adgangen til å benytte streik som virkemiddel i hovedtariffoppgjørene er ikke endret og endres heller ikke ved at det er forhandlet frem unlikelydende hovedtariffavtaler.

Disse medlemmer viser til at hovedtariffavtalene for 2018–2020 i all hovedsak er likelydende med de foregående hovedtariffavtalene, men med ulike lønnsystemer til sentral og lokal fordeling. Disse medlemmer mener det er viktig at lokale arbeidsgivere og tillitsvalgte kan samarbeide om å rekruttere, utvikle og beholde gode medarbeidere i tråd med virksomhetenes ulike behov. De lokale partene kan benytte flere forskjellige virkemidler for å oppnå dette. Det er lik lønn for likt arbeid i staten. Disse medlemmer har tillit til at de lokale partene også vil sikre en god lønnsfordeling og likelønn mellom kvinner og menn. Disse medlemmer peker for øvrig på at dette arbeidet følges opp gjennom rapportering fra de statlige virksomhetene.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, viser til at prinsippene for lederlønninger i selskap der staten er eier, ble behandlet i Meld. St. 27 (2013–2014). Gjennom Innst. 140 S (2014–2015) ga Stortinget føringer for regjeringens politikk på området. I innstillingen heter det:

«Komiteen mener at lederlønn er styrenes ansvar og holder fast på hovedprinsippene i statens holdning til lederlønn i selskaper der staten er eier, jf. dagens retningslinjer. Lederlønninger i selskaper der staten er eier må være konkurransedyktige, men skal ikke være lønnsledende. Det skal legges vekt på moderasjon.»

Flertallet ser av lønnsutviklingen blant statlige ledere at det ikke ser ut til at disse prinsippene har hatt tilstrekkelig gjennomslag.

Flertallet understreker at økte lønnsforskjeller ikke er med på å skape et moderne, høykompetent arbeidsliv som sikrer kvalitet, kunnskap, lojalitet og stå-

på-vilje hos alle de tusener av arbeidstakere og mellomledere som samfunnet og offentlig sektor trenger.

Flertallet viser for øvrig til merknader og forslag under behandlingen av Dokument 8:96 S (2013–2014), jf. Innst. 138 S (2014–2015), og Dokument 8:66 S (2017–2018), jf. Innst. 166 S (2017–2018), om å sette tak på lederlønninger i staten.

Flertallet viser til at hovedtariffavtalene ikke lenger er organisasjonsnøytrale.

Flertallet viser til at i Akademikernes hovedtariffavtale er all lønnsdannelse delegert til statens 200 virksomheter. Videre er tidligere 39 lønnsrammer erstattet med en lønnsstige med opprykk etter antall år i stillingen (såkalt stillingsansiennitet), og i dette lønnsoppgjøret er alle tillegg i årets avtale med Akademikerne delegert til lokale forhandlinger.

Flertallet viser til at alle stillinger er gjort unormerte, som innebærer at en ved nyansettelse avtaler årslønn med akademikertillegget som eneste sikring for lønnsnivå. Flertallet viser til at om en person ansettes i annen statlig virksomhet, får vedkommende ikke med sin opparbeidede stillingsansiennitet. Flertallet merker seg at forbundsvis lokale forhandlinger i den enkelte virksomhet ikke sikrer likelønn på tvers av statens virksomheter. Flertallet mener dette er uheldig, og foreslår at det etableres systemer for statistikkføring og for å sikre likelønn.

Flertallet viser til at hovedtariffavtalen sikrer likelønn på tvers av alle statlige virksomheter. Likelønn og lavtlønnede ivaretas ved fordeling av generelle tillegg, justeringer av stillinger og ved sentrale føringer ved lokale forhandlinger. Dersom skjevheter mellom grupper og kjønn allikevel skulle oppstå ved lokale forhandlinger, kan dette rettes opp ved påfølgende sentrale forhandlinger. Men det forutsetter at regjeringen fremlegger sikker og lett tilgjengelig statistikk for alle statlige virksomheter, og at Kommunal- og moderniseringsde-

partementet følger forhandlingsordningen i tjenestetvistloven som forutsetter en sterk sentral oppgjørform.

Flertallet mener at en helt sentral del av det norske trepartssamarbeidet er å etablere systemer som ikke undergraver mulighetene for organisasjonene til å streike. Flertallet vil understreke at dagens situasjon kan undergrave streikeretten, noe som er uakseptabelt.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Fremskrittspartiet og Kristelig Folkeparti viser til at denne saken gjelder det statlige tariffområdet. Dette omfatter ansatte i staten som er innenfor virkeområdet for statsansatteloven og tjenestetvistloven, og som er bundet av hovedtariffavtalen i staten. Det presiseres at blant annet helseforetak og statlige eide/deleide selskaper ikke er en del av staten i denne sammenhengen, og heller ikke er omfattet av hovedtariffavtalene i staten.

Disse medlemmer peker på at retningslinjene for lederlønnssystem i staten når det gjelder etterlønn og rettetstillinger, er strammet inn. Disse medlemmer viser videre til at regjeringen er opptatt av at statlige toppledere ikke vedvarende får en høyere lønnsvekst enn arbeidstakere for øvrig. Disse medlemmer viser til at regjeringen følger med på utviklingen av lederlønninger i staten og løpende vurderer om det er behov for nye tiltak som sikrer at utviklingen over tid holder seg innenfor frontfagsnormen.

### 3. Komiteens tilråding

Komiteens tilråding I–VI fremmes av en samlet komité, og tilråding VII fremmes av medlemmene fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2019 blir det gjort følgende endringer:

Kap.	Post	Formål	Kroner
2315	1	Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet	
		Driftsutgifter, løyv d med .....	1 398 000 000
502	71	Opplæring og utvikling av tillitsvalde, a u k a med .....	4 400 000
		frå kr 190 600 000 til kr 195 000 000	

II

Stortinget samtykkjer i at det med verknad frå 1. mai 2019 blir gjort regulering av lønene mv. for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet som er medlemmer av LO Stat, Unio og YS Stat, i samsvar med Riksmekklaren si møtebok av 24. mai 2019, jf. vedlegg 1.

## III

Stortinget samtykkjer i at det med verknad frå 1. mai 2019 blir gjort regulering av lønene mv. for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet som er medlemmer av Akademikerne, i samsvar med Riksmekklaren si møtebok av 24. mai 2019, jf. vedlegg 2.

## IV

For embetsmenn og statstilsette som ikkje er medlemmer av organisasjonar som nemnde i romartal II og III, og difor ikkje får løns- og arbeidsvilkåra sine fastsette i hovudtariffavtale, skal same løns- og arbeidsvilkår som etter romartal II gjelde. Embetsmenn og statstilsette som er tekne ut av hovudtariffavtala, får løns- og arbeidsvilkåra sine fastsette administrativt i eigen kontrakt.

## V

Stortinget samtykkjer i at Kongen på vegner av staten kan bringe tvistar i samband med tariffoppgje-

ret i staten i 2019 inn for Rikslønsmemnda i samsvar med lov 18. juli 1958 nr. 2 om offentlige tjenestetvister § 31 andre ledd.

## VI

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet får fullmakt til å fordele løyvinga under kap. 2315 Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet, post 1 Driftsutgifter, på dei postane på statsbudsjettet som har lønsløyving.

## VII

Stortinget ber regjeringen ved neste revisjon av hovudtariffavtalen i 2020 gjennomføre lønnsoppgjøret i staten slik at resultatet blir fire likelydende hovudtariffavtaler – slik at det blir én hovudtariffavtale gjeldende for alle arbeidstakere i det statlege tariffområdet uavhengig av organisasjonstilknytning.

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 14. juni 2019

**Karin Andersen**

leder og saksordfører





